

Eksamen

24.11.2020

GAN3002 Plantebruk

Programområde: Gartnærning

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I vurderinga av oppgåvene vil det bli lagt særleg vekt på</p> <ul style="list-style-type: none">• allsidig plantekjennskap• kunnskap om stell av grøntanlegg etter faglege kriterium• evne til å formidle faget og bruk av fagterminologi• i kva grad kandidaten hentar støtte frå kjelder <p>Ved sensureringa av oppgåva blir det lagt vekt på at kandidaten har svart på alle spørsmåla, og at svaret ikkje inneheld betydelege feil eller manglar. Det vil bli lagt positiv vekt på faglege refleksjonar som støttar seg til kandidaten sine egne erfaringar.</p>

Oppgåve 1

Dyrking av mat på balkongen har blitt ein trend.

- a) Kva for grønsaksslag og krydderurter vil du anbefale balkongeigaren å bruke?
- b) Kva råd vil du gi om jord, gjødsling og vatning?

Oppgåve 2

Du skal rettleie ein venn om planting og klipping av roser. Vennen din ønskjer å etablere eit rosebed av einsarta roser som blomstrar heile sommaren. Han ønskjer også ei solitær rosebusk som skal bli minst 2 meter høg. Hagen hans ligg i sone H3 og har gode solforhold og sandhaldig hagejord.

- a) Kom med forslag til kva for roser vennen din bør kjøpe. Utanom dei kriteria som er nemnde ovanfor, kan du fritt velje farger/artar/sortar.
- b) Fortel kva råd du vil gi han om planting og klipping av rosene du anbefaler.

Oppgåve 3

Som gartner bør du ha kjennskap til naturmangfaldlova (lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold). Reflekter ved hjelp av konkrete eksempel over på kva måte naturmangfaldlova vedkjem gartnerar.

Oppgåve 4

Du har eit planteutsal der du mellom anna sel planter til jul. Julestjerner produserer du sjølv, og i tillegg kjøper du inn eit utval av dei mest vanlege juleblomstrane.

- a) Kva for andre juleblomstrar kjøper du inn til utsalet ditt?
- b) For å skilje deg ut frå konkurrentane i daglegvarehandelen satsar du på å gi kundane god informasjon om stell av juleblomstrane. Kva råd vil du gi?


Oppgåve 5

Ein kunde du ekspederer på eit hagesenter, vil ha tre ulike staudar som han kan plante i steinbedet sitt, der det er skrin jord og mykje sol. Ein annan kunde skal ha tre ulike staudar til eit bed ved inngangspartiet sitt, som ligg mot nord og i skyggen av nokre store tre.

- a) Kva for planter vil du anbefale desse to kundane?
- b) Kva råd om skjøtsel av dei staudane du anbefaler, vil du gi kundane?

Oppgave 6

Du skal planleggje plantinga i blomsterbedda framfor ein sentral bygning i kommunen din. Beda skal ha pryddverdi gjennom heile vekstsesongen. Figuren under viser forma og størrelsen på dei to identiske blomsterbedda med ei trapp imellom.



- Berekn kor mange m^3 jord du må bestille dersom du skal leggje eit 10 cm tjukt lag med ny jord i bedda.
- For sommarsesongen har du bestemt deg for å plante sommergeorginer, Dahlia x hortensis i begge bedda, ein sort som blir 50 cm høg. Rekn ut kor mange planter du treng til begge bedda.
- Foreslå planter som kan pryde bedda om våren før du plantar sommargeorginene, og planter som kan plantast for siste del av sesongen når sommargeorginene er tekne opp. Forklar når på året du vil plante dei ulike plantene. Du treng ikkje regne ut talet på planter i dette spørsmålet.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I vurderingen av oppgavene vil det bli lagt særlig vekt på</p> <ul style="list-style-type: none">• allsidig plantekjennskap• kunnskap om stell av grøntanlegg etter faglige kriterier• evne til å formidle faget og bruk av fagterminologi• i hvilken grad kandidaten henter støtte fra kilder <p>Ved sensureringen av oppgaven blir det lagt vekt på at alle spørsmålene er besvart, og at besvarelsen ikke inneholder betydelige feil eller mangler. Det vil bli lagt positiv vekt på faglige refleksjoner som støtter seg til kandidatens egne erfaringer.</p>

Oppgave 1

Dyrking av mat på balkongen har blitt en trend.

- a) Hvilke grønnsaksslag og krydderurter vil du anbefale balkongeieren å bruke?
- b) Hvilke råd vil du gi om jord, gjødsling og vanning?

Oppgave 2

Du skal veilede en venn om planting og beskjæring av roser. Vennen din ønsker å etablere et rosebed av ensartede roser som blomstrer hele sommeren. Han ønsker også en solitær rosebusk som skal bli minst 2 meter høy. Hagen hans ligger i sone H3 og har gode solforhold og sandholdig hagejord.

- a) Kom med forslag til hvilke roser vennen din bør kjøpe. Utenom de kriteriene som er nevnt ovenfor, kan du fritt velge farger/arter/sorter.
- b) Fortell hvilke råd du vil gi ham om planting og beskjæring av rosene du anbefaler.

Oppgave 3

Som gartner bør du ha kjennskap til naturmangfoldloven (lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold). Reflekter ved hjelp av konkrete eksempler over hvordan naturmangfoldloven berører gartnere.

Oppgave 4

Du har et planteutsalg der du blant annet selger planter til jul. Julestjerner produserer du selv, og i tillegg kjøper du inn et utvalg av de mest vanlige juleblomstene.

- a) Hvilke andre juleblomster kjøper du inn til utsalget ditt?
- b) For å skille deg ut fra konkurrentene i dagligvarehandelen satser du på å gi kundene god informasjon om stell av juleblomstene. Hvilke råd vil du gi?


Oppgave 5

En kunde du ekspederer på et hagesenter, vil ha tre ulike stauder som han kan plante i steinbedet sitt, der det er skrinn jord og mye sol. En annen kunde skal ha tre ulike stauder til et bed ved inngangspartiet sitt, som ligger mot nord og i skyggen av noen store trær.

- a) Hvilke planter vil du anbefale disse to kundene?
- b) Hvilke råd om skjøtsel av de staudene du anbefaler, vil du gi kundene?

Oppgave 6

Du skal planlegge beplantningen i blomsterbedene foran en sentral bygning i kommunen din. Bedene skal ha pryddverdi gjennom hele vekstsesongen. Figuren under viser formen og størrelsen på de to identiske blomsterbedene med en trapp imellom.



- Beregn hvor mange m^3 jord du må bestille dersom du skal legge et 10 cm tykt lag med ny jord i bedene.
- For sommersesongen har du bestemt deg for å plante sommergeorginer, Dahlia x hortensis, i begge bedene, en sort som blir 50 cm høy. Regn ut hvor mange planter du trenger til begge bedene.
- Foreslå planter som kan pryde bedene om våren før du planter sommergeorginene, og planter som kan plantes for siste del av sesongen når sommergeorginene er tatt opp. Forklar når på året du vil plante de ulike plantene. Du behøver ikke regne ut antall planter i dette spørsmålet.



www.vigoiks.no/eksamen